

Den heilag jol attende

Tone: Med strålekrans um tinde

- 1) Den heilag jol attende
kjem til os kvart eit aar
vil joleljosa tenda
i loge rein aa klaar
- 2) Vor Herre han vil signa
hev hjarta hug aa raa
gjev sol aa let det rigna
vil alt skal treva faa
- 3) Men sjaa det vil 'kje veksa
uppaa det turre berg
so mager kvar ei eksa
so godt so ingen merg
- 4) Aa so vil klinten kvela
dei gode aks aa skudd
aa attepaa kjem hæla
daa ser det øyde ut
- 5) Men sjaa no kor ein helja
den heilage signa jol
da er ei glupa fjelga
i rus aa alkohol
- 6) Seg so til høgti ordna
da er ein ufjelg traa
den unge slegt aa borna
kva er det dei faar sjaa
- 7) Forældri skull 'kje syna
sin daarskap fyr dei smaa
Nei sligt so kan dei tyna
for augo aller sjaa
- 8) Ein maatte dra i minde
aa tenkja kvar med seg
kor ein hev levt i blinde
aa stelt os harmeleg
- 9) Dei vonde gamle skikke
so verdi hev likt best
dei søma seg slet ikkje
paa Jesu minnefest